

Mandat - Utval for helse og omsorg i Region Nordhordland

Mandat for Utval for helse og omsorg er heimla i Regionrådet sin strategi for interkommunalt samarbeid og er nedsett av Regionrådet. Mandatet er godkjent av Regionrådet i møte 3-2016, 1. april 2016.

Målsetting

Utval for helse og omsorg skal vera Regionrådet sitt helse- og omsorgspolitiske samarbeidsfora for kommunane i Region Nordhordland. Det skal vera eit organ som arbeider med overordna strategisk satsing og utviklingsarbeid på vegne av heile regionen.

Arbeidsoppgåver

Utval for helse og omsorg er eit viktig koordinerande organ for samarbeid innan helse og omsorgstenesta, og skal vera ein arena for drøfting og vurdering av nasjonale og regionale føringar og endringar (organisatoriske, juridiske og/eller økonomiske) som kan få konsekvensar for kommunane sitt noverande og framtidige tenestetilbod. Utval får oppgåver frå - og rapporterer til Regionrådet. Utvalet kan sjølv ta initiativ til - og fremja saker for Regionrådet.

Utvalet skal:

- vera eit rådgjevande organ for Regionrådet når det gjeld helse- og omsorgspolitiske saker
- ha eit overordna ansvar for at Plan for interkommunalt samarbeid om helse og omsorgstenester vert evaluert og rullert.
- initiera og vurdere interkommunalt samarbeid av helsetenester i den utstrekning dette kan bidra til å styrka tenestene
- bidra til ei målretta satsing på samarbeid og samhandling mellom kommunane og med spesialisthelsetenesta.
- gjere seg kjent med og uttala seg i saker som skal til handsaming i Overordna samarbeidsutval
- halda seg kjent med og vurdere overordna føringar som kan få konsekvensar for kommunane sine helse og omsorgstenester.
- arbeida med utviklingsoppgåver av felles interesse for kommunane i regionen, i eigen regi eller saman med lokalsjukehus, helseføretak og andre samarbeidspartar.
- bidra til utvikling og innovasjon innan helse og omsorgstenesta

Utvalet kan på eige initiativ opprette arbeidsgrupper/ad-hoc utval.

Organisering/samansetjing

Utval består av tre ordførarar (valt av Regionrådet), 2 rådmenn (valt av rådmannsutvalet) og to kommunelegar (valt av kommunelegane) og har sekretær frå NUI. Medlemmene vert valt for 4 år(valperioden). Leiar og nestleiar er utpeika av Regionrådet.